



## Notat

Til: Siril Therese Sylta

Kopi til: Elin Houlison Molvik

Saksbehandler: Vegavdelinga/Ketil Mikkelsen

Vår referanse: 18/1132 - 4 / FA - Q00

Dato: 30.04.2018

### **Emne: Mellombels avkøyringsløyve frå Bruvegen til Kvassnesvegen, saksnr. 18/1083**

Saka gjeldt mellombels dispensasjon frå områdeplan Knarvik sentrum for mellombels omlegging av Kvassnesvegen via Bruvegen, og etablering av mellombels avkøyrsle frå Bruvegen til Kvassnesvegen.

#### **Saksutgreiing:**

##### Informasjon om saka:

Grunna utbetring av Kvassnesvegen som ledd i realiseringa av områdeplan Knarvik Sentrum, er det behov for mellombels avkøyrsle mellom kv1003, hp01- Bruvegen og kv1023, hp02 – Kvassnesvegen.

##### Vurdering/drøfting:

Nytt kryss og fortau vil bli opparbeid, og mellombels avkøyrsla vil gi tilkomst til bustader og næringsverksemd i perioden Kvassnesvegen blir ombygd. Det er køyrd sporingsdata for vogntog.

Olaf Villanger har klaga på byggevedtak, då han meiner at vogntog vil få problem med å køyre gjennom krysset grunna stigning i Kvassnesvegen. Underteikna har etter samtale med Norconsult og synfaring med Olaf Villanger, fredag 27. April 2018, avtalt følgjande:

- Om det skulle vise seg at vogntog får problem med sving og høgbrekke, skal det være mogleg å nytte eksisterande gang/sykkelveg sør for krysset. Utforming må då være sånn at vanlege personbilar ikkje vel å nytte dette alternativet. Løysing kan være bom som lar seg opne manuelt og som lukkar seg automatisk etter ei viss tid.

#### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til mellombels avkøyrsel med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

---

**Post**

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 32 20 00  
Telefaks +47 56 32 20 03

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast ved like av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Eksisterande bom for gang- og sykkelveg skal kunne opnast for vogntog, om det viser seg at desse får problem i krysset.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

### Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Ketil Mikkelsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*